

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/ Fylkesordfører Åshild Kjelsnes
v/ fylkes varaordfører Jenny Følling
v/ Fylkesutvalet
v/ hovudutval for samferdsle
v/ hovudutval for næring

Ang. rutetilbod med ekspressbåtane på kysten

Nordfjord Vekst med sine 160 medlemsbedrifter vil på vegne av næringslivet på kysten rope eit kraftig varsku med bakgrunn i dei signala som er kome fram i forbindelse med moglege kutt/endingar i rutetilbodet på Ekspressbåtane på ruta Bergen – Selje - Bergen.

Denne ruta er livsnerven både for innbyggjarane og næringslivet på kysten.

Vi forventar at fylkeskommunen og fylkespolitikarane ser dette og opprettheld dagens tilbod som trass alt er eit minimum av det som vi treng.

For Nordfjord Vekst er det ikkje aktuelt at fylkeskommunen gjer endingar på rutene, verken i form av ruteutt eller ending av endestasjonar. Ekspressbåttilbodet er limet på kysten, og noko vi ikkje kan klare oss utan. Ynskjer fylkeskommunen framleis ein vekstkraftig kyst i fylket er det klinkande klart at ekspressbåtane må bestå som i dag.

Edvin Haugen
Dagleg leiar
Nordfjord Vekst

Måløy 27.05.2014